



Jan Haugsvær
Blindheimsvegen 5
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1880 - 19/20749

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
08.10.2019

Søknad om tilkopling kommunalt VA-anlegg - GBNR. 54/38

Me viser til telefonsamtale den 07.10.2019 med Øyvind Husebø og til epost frå rådgivar Larissa Dahl vedlagt kopi av godkjende teikningar frå og vedtak fatta i 1977, samt med informasjon om at fritidsbustaden ikkje er tilkopla kommunalt vatn og avløp.

Plan- og bygningslova § 27-1 krev at det i bygning som enten skal endrast, skal førast opp eller tas i bruk, og i «eksisterande byggverk», skal vera «*adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann*», jf. lova § 27-1. Plan- og bygningslova § 20-2, jf. § 20-1 f) fastset at det gjeld søknadsplikt for «*oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar*». Med bygningstekniske installasjonar meines bl. a. vann- og avlaup (sanitæranlegg).

Når det legges inn vann, må det og gjerast greie for, frå ansvarleg søker, kva for type utslepp som skal nyttast i fritidsbustaden, jf. plan- og bygningslova § 27-2, jf. kap. 12 i forskrift om begrensning av forurensning (forurensingsforskriften) . I ditt tilfelle skal det søkjast om utsleppsløyve via minirensaneanlegg.

Før Meland kommune kan krevje gebyr for tilkopling til offentleg vassverk, må grunneigar ta kontakt med autorisert verksemd , som skal fylle ut og sende inn søknadsskjema for tilkopling VA-anlegg.

Dei aktuelle skjema ligg vedlagt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:
Øyvind Husebø

Damgata 28 3179

ÅSGÅRDSTRAND

Mottakere:
Jan Haugsvær

Blindheimsvegen 5 5131

NYBORG